



## Statens vegvesen

Ento Eiendom AS

Lars E Norheim

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:  
16/158615-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
31.05.2017

### Svar – Søknad om bruksendring av avkøyrse – Fv. 213 – Gnr. 12 bnr. 1784 – Askøy kommune

Vi viser til brev i frå Dykk motteke hos oss 04.04.17 med søknad om løyve til bruk av eksisterande avkøyrse frå gbnr 12/1784 på Fv 213.

Slik vi forstår er denne søknaden utforma med bakgrunn i informasjon som kom for dagen etter avslag på søknad om løyve til bruk av avkøyrse for ein 4 mannsbustad på ovannemnde eigedom, av 07.11.16. Søknaden vi no har motteke inneheld moment med sanering av 2 hytter på tilgrensande eigedomar, gbnr 12/755 og 12/335.

Kort oppsummert var vårt avslag på førre søknad i 2016 grunngjeve med omsynet til trafikktryggleiken, spesielt for mjuke trafikantar på strekninga Skiftesvik – Marikoven, som i dag ikkje har noko tilbod. Vidare er vi også av den oppfatning at vegen har ein så dårleg teknisk standard at det ikkje er forsvarleg med auka trafikk på denne før ny Fv 213 til Marikoven er ferdig realisert gjennom Askøypakken. Det er utfordrande å ta seg fram på denne smale og uovesiktlege fylkesvegen både for mjuke trafikantar og billistar. Statens vegvesen vurderte at vegen var ei kjelde til trafikkulukker og at auka trafikk på Fv 213 vil vere i strid med vår 0 – visjon.

Ved denne søknaden forstår vi at det framleis er ønskje om å realisere ein 4 mannsbustad på gbnr 12/1784. Intensjon er å rive eksisterande bustad og etablere ein 4 mannsbustad. I tillegg ønskjer ein å rive to hytter der det bur folk i pr. i dag. Desse er planlagd å få nytt opphald i 4 mannsbustaden. Statens vegvesen vil ikkje sette seg imot at ein tek ned eksisterande bustad og sett opp ein ny. Vi gjer merksam på at i matrikkelen er bustaden på gbnr 12/1784 oppført som einebustad med ei bueining. Det betyr at vi kan akseptere ny bustad med ei bueining. Når det gjeld hyttene så skal dette vere einingar som kan brukast i delar av året. Vi kan difor ikkje vurdere desse på lik line med bustadeiningar. Vi oppfattar at

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

hyttene i dag har ein anna bruk enn fritidsbustad. Hyttene er oppført i 1940 og 1963 utan vegtilkomst. Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre løyve for hyttene til å bruke eksisterande avkøyrse på Fv 213, slik vi har forstått praksisen er i dag.

Med ovannemnde som bakgrunn kan vi akseptere at eksisterande bustad på gbr 12/1784 vert reven og at ny bustad med ei bueining vert sett opp på same stad.

### Vedtak

Med bakgrunn i § 40–43 i Veglova, ovannemnde vurdering, samt omsynet til trafikktryggleiken og effektiv ferdsle på Fv 213 mellom Skiftesvik og Marikoven avslår regionvegkontoret søknaden om utvida bruk av avkøyrse på Fv 213 frå gbnr 12/1784 for ein 4 mannbustad i Marikoven i Askøy kommune.

Plan- og forvaltningsseksjon, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Bødal Sigmund  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN